

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Fonna HF

DATO: 08.03.2023

SAKSHANDSAMAR: Finn Arve Åsbu/Linda Gjelsten, Velaug Frøyland

SAKA GJELD: **Kunngjøring av val av styremedlemmer valt av og blant dei tilsette til styret i Helse Fonna**

STYRESAK: 18/23

STYREMØTE: 18.04.23

1 vedlegg

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret i Helse Fonna HF tar kunngjøring av val av styremedlemmer valt av og blant dei tilsette til styret i Helse Fonna til etterretning

Bakgrunn for saka

Valstyre blei oppnemnd av styret i Helse Fonna i møte den 28 oktober 2022, og har hatt følgjande samansetting:

Leiar: Finn Arve Åsbu, Utdanning og kompetanse avdeling - HR

Nestleiar: Linda Gjelsten, klinikktilitsvalt Fagforbundet

Medlem: Velaug Frøyland, tillitsvalt NSF

Valstyret har fastsett valdagen til den 22. februar 2023. Valstyret har vedtatt at alle kunngjeringar om valet vil skje elektronisk. Dersom det blir fleirtalsval eller det kjem inn meir enn ei liste i samband med forholdstalsval, skal sjølve valet vere hemmeleg og skriftleg, og vil skje ved postsending slik som før. Dersom det berre kjem inn ei liste i samband med forholdstalsval, blir dei kandidatane som er føreslåtte på denne eine lista, valde utan at det blir gjennomført val.

Frist for å komme med krav om forholdstalsval ble sett til 11. januar 2023. Valstyret mottok krav om forholdstalsval innan fristen frå Fagforbundet, Norsk Sykepleierforbund og Den norske legeförening.

Frist for å komme med valliste var 1. februar 2023. Valstyret mottok to lister i samsvar med forskrifta, og innan forslagsfristen gjekk ut. Det er gjennomført fysisk val og valet er gjennomført i samsvar med gjeldande forskrift § 10.

Valresultat:

Styremedlemmar:

1. Nina Budal, Sjukepleiar barneavdelinga, Haugesund sjukehus. Føretakstillitsvald NSF
2. Morten Lyngås Føyen, Operasjonssjukepleiar/ambulansesarbeidar, Stord sjukehus
3. Laura Lill Haavik, Helsesekretær med.biokjemi, Haugesund sjukehus. Føretakstillitsvald Fagforbundet
4. Heiko Bratke, Overlege barneavdelinga, Haugesund sjukehus. DNLF

Varamedlemmar:

1. Monica Lindseth, Funksjonsleiar/psykiatrisk sjukepleiar, Valen sjukehus
2. Andrika Sabine L Hägfjell-Lande, Intensivsjukepleiar ved felles akuttmottak, Haugesund sjukehus. HTV NSF
3. Anders Nondal, Ambulansesarbeidar, Odda sjukehus
4. Jorge Enrique Morales Del Pino, Fagarbeidar lager/transport, Stord sjukehus. HTV Fagforbundet
5. Pernille Nyhlen, Overlege føde- og gynekologisk avdeling, Haugesund sjukehus. DNLF
6. Kristine Aasheim Imsland, Intensivsjukepleiar, Stord sjukehus

Funksjonstida er to år, i samsvar med forskrifta § 12. Ny periode startar i mars 2023, med styremøte og felles styreseminar for føretaksgruppa.

Dersom eit styremedlem eller ein vararepresentant sluttar i føretaket, stoppar vervet. Medlem av styret har møteplikt med mindre vedkommande har lovleg forfall.

Helseføretaka, Helse Vest IKT og Helse Vest RHF har samarbeidd om prosessen slik som avtalt på førehand.

Valresultatet er kunngjort på Helse Fonna sin intranett side og Helse Vest RHF sine nettsider saman med kunngjering om klagerett.

Vedlegg: Protokoll frå valstyret Helse Fonna per 7.mars 2023.